



## Notat

Dato: 21.04.2016  
Arkivsak: 2016/943-5  
Saksbehandlar: mattorg

---

Til: Fylkesordførar  
Frå: Fylkesrådmannen

---

### FV 544 - Oppgradering av sambandet mellom Stord og Kvinnherad

#### Bakgrunn

I eit brev frå fylkesordførar datert 15. februar 2016 vart kommunestyra i Stord og Kvinnherad kommunar beden om å handsame framlegg til opplegg for eit regionalt planarbeid med grunnlag i Plan- og bygningslova § 8-1 for framtidig ferjesamband mellom Stord og Kvinnherad.

Formannskapa i dei to kommunane har handsama saka. Formannskapet i Stord kommune gjorde slik innstilling 13. april 2016 (PS 12/2016) med 5 mot 4 røyster (H, Frp, Sp og Krf).

*Stord kommunestyre gjev sin tilslutnad til at Hordaland fylkeskommune startar arbeid med regional plan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad slik det går fram av brev frå fylkesordføraren datert 15.02.2016.*

...

*Kommunestyret vil understreka at Kvernaneset/Buneset og tilgrensande områder framleis er verdifulle LNF-områder, og kommunestyret anser desse som uaktuelle for eit evt. nytt ferjestø.*

Mindretallet kom med følgjande framlegg (Ap og SV):

*"Stord kommunestyre gjev sin tilslutnad til at Hordaland fylkeskommune startar arbeid med regional plan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad. Stord kommunestyre føreset at berre tre alternative ferjestø er aktuelle på Stordsida: Jektevik, Skjersholmane og eit eventuelt nytt ferjestø i Djupavikjo. Planarbeidet skal elles gå føre seg slik det går fram i brev frå fylkesordføraren datert 15.02.2016."*

Formannskapet i Kvinnherad gjorde slikt vedtak:

*Kvinnherad kommunestyre sluttar seg til opplegg for arbeid med regional plan heimla i pbl §8-1 vedkomande framtidig ferjesamband mellom Stord og Kvinnherad, slik det framgår i brev av 15.02.2016 frå fylkesordføraren.*

Fylkesrådmannen konstaterer at det ikkje er grunnlag for ei brei planprosess der alle aktuelle ferjestø vert vurderte, og at det einaste aktuelle nye ferjestø på Stordsida er Djupavikneset. Med dette er det ikkje

grunnlag for å gå i gang med eit regionalt planarbeid etter pbl § 8-1. I staden vil fylkesrådmannen gjere framlegg om oppstart av eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å vurdere om det er mogleg med utbygging av ferjestø på Djupavikneset med tilførselsveg.

### **Teknisk/økonomisk forprosjekt**

Ferjeleie på Djupavikneset vart vurdert i tilleggsutgreiing frå Statens Vegvesen til kommunedelplan for FV 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad i desember 2011, og det er naturleg at forprosjektet tek utgangspunkt i og oppdaterer tilleggsutgreiinga. Det utgreidde alternativet omfatta ny ferjestø samt tilkomstveg hovudsakleg i tunnell mot Vabakken. Kostnadene vart den gong (2008-kroner) kostnadsrekna til 397 mill kr, der i overkant av 50 % av desse kostnadene ville vore tunellkostnader.

Eit forprosjekt kan ta utgangspunkt i om det er mogleg å byggje ut over to trinn.

Trinn 1: Etablere eit nytt ferjestø på Djupavikneset med utbetring av dagens vegsystem med gang- og sykkeltiltak inn mot Leirvik sentrum. Tilførsel til og frå ferjestøet vil gå langs noverande vegsystem gjennom Leirvik sentrum. Vidare leggje til rette for moderne og effektiv ferjedrift.

Trinn 2. Etablere ei tunnelløysing frå ferjestø utanom Leirvik sentrum mot noverande E39.

Parallelt med dette ønskjer Hordaland fylkeskommune å utgreie mulegheit for utbetring av flaskehalsar og trafikkfarlege punkt på FV 544 over Halsnøy fram til ferjeleiet på Ranavik. Om naudsynt også oppgradering av ferjestøet for å legge til rette for moderne og effektiv ferjedrift.

Forprosjektet må gi ei grov skisse på muleg løysing med sikte på å avklare om det er realistisk med ferjestø på Djupavikneset med ei utbygging i to trinn. Det er i denne samanheng viktig å vurdere mulege motsegn mot planframlegg eller om prosjektet er urealistisk av økonomiske eller av andre grunner. Viktige utgreiingstema i forprosjektet vil vere:

- Vurdere om det vil vere behov for endring av dei premissane som er lagt for vegløysing og for storleik på ferjestø ved Djukavikneset i nemte tilleggsutgreiing av FV 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Det må vurderast om det er mogleg med andre vegløsingar i trinn 2 til ferjestø enn lang tunnell frå Vabakken.
- Avklare belastinga på dagens vegnett i Leirvik, og avklare på overordna nivå behov for tiltak på vegnettet.
- Kalkulere innspart reisetid og utarbeide trafikkprognosar for ferjesambandet og for omliggjande vegnett.
- Vurdere framtidig driftskonsept på ferjesambandet, under dette kor mange ferjer, storleik på ferjer, fart og miljøkrav.
- Avklare om det er andre forhold knytt til t.d. natur- og miljøverdiar (ikkje prissette konsekvensar) som tilseier at det kan vere vanskeleg å gjennomføre tiltaket.
- Oppdatere kostnadsansлага for nytt ferjestø og for tunnell basert på Anslag-metoden innafor ei usikkerheit som er vanleg på kommunedelplannivå.
- Gi ei skisse på finansiering av sambandet

- Gi ein skisse til framdriftsplan for utbygging.

Hordaland fylkeskommune vil i samarbeide med Statens Vegvesen kunne ta ansvar for å gjennomføre forprosjektet i nært samarbeid med Stord og Kvinnherad kommunar. Fylkesmannen i Hordaland må også konsulterast i arbeidet.

### **Vidare prosess**

Dersom det er aktuelt å gå vidare med ei løysing på Djupavikneset vil Statens Vegvesen i samarbeid med Stord kommune setje i gang eit arbeid med reguleringsplanlegging for Djupavikneset og for veg inn mot Leirvik sentrum. Tilsvarande kan det eventuelt setjast i gang arbeid med reguleringsplan for FV 544 over Halsnøy.

### **Finansiering**

Finansiering må hovudsakleg vere ved brukarbetaling eventuelt supplert med anna lokal finansiering. Finansieringsløysinga må inngå som del av Stordpakka og Kvinnheradpakka, og det er aktuelt med påslag i ferjetakst. Fylkeskommunen vil også kunne bidra i ei finansieringsløysing.

### **Organisering og framdrift**

For å sikre politisk forankring, gjer vi framlegg om å etablere ei politisk styringsgruppe for arbeidet med ein representant for posisjon og ein frå opposisjon frå kvar av kommunane og frå Hordaland fylkeskommune.

Forprosjektet må munne ut i eit notat som konkluderer om det er grunnlag for å gå vidare med reguleringsplan for nytt ferjestø på Djupavikneset og på FV 544 over Halsnøy. Forprosjektet kan starte opp i mai 2016, og bli ferdigstilt innan utgangen av oktober 2016. Forprosjektet kan handsamast av dei to kommunestyra i desember 2016, og i fylkesutvalet i Hordaland i januar 2017.

Det må avklarast om arbeidet kan gjerast med ressursar frå Statens Vegvesen eller ved innkjøp av konsulenttenester.